

Regionrådet Nordhordland IKS  
v\ Nordhordland digitalt  
Pb. 13  
5902 Isdalstø

Frekhaug 02.05.2011

Miljøverndepartementet,  
Pb 8013 Dep  
0030 Oslo

### **Høringsuttale til forslag til forskrift om infrastruktur for geografisk informasjon (geodataforskriften)**

Synar til høringsbrev frå Miljøverndepartementet dagsett den 31.01.2011, om ny geodataforskrift.


Nordhordland digitalt hadde utsending på Geoforum sitt høringsseminar 31. mars 2011.

Det har vore vanskeleg og til tider innvikla å gjere seg opp ei meining om delar av forskrifta, og difor har ein valt å stille ein del spørsmål, i tillegg til å gje merknader. Ein vonar det er rom for det.

Synspunkt frå Nordhordland digitalt:

1. **Forskrifta si utforming.** Forskrifta bør skrivast enklare, tydeligare og i størst mulig grad være sjølvforklarande. Vi meiner at forskrifta fyrst og fremst skal være forståeleg for heimlandet, dernest for Europa, ikkje omvendt.
2. **Deltakande virksamheter.** Kven som er "Deltakende virksomheter" er forklart på rommeleg vis. Det hadde vore ynskeleg at ein oppretta ei liste over kven dette var til ein kvar tid.
3. **Nye oppgåver, krav og roller vert skissert.** Igjen ynskjer vi oss ei liste, som syner kven som skal gjere kva, kven som skal betale for å oppfylle dei ulike krava, og ikkje minst i høve til kva kommunar og Statens kartverk skal, og ikkje skal arbeide med.
4. **Metadatakatalog.** Alle naudsynte metadata må kunne automatisk genererast for alle datasett. Kan desse eigenskapane leggst i SOSI hodet? Skal kommunar og andre ha lokale metadatakatalogar som oppdaterar ein sentral metadatakatalog?
5. **Ferske geodata.** Det må være eit mål at vi har dag ferske geodata ("Ferske Geodata Til Frukost") tilgjengeleg for heimlandet. Harmoniserte data til Europa har ikkje ein definert oppdateringssekvens, og ein foreslår difor at denne vert sett til kvar tredje månad.
6. **Geosynkronisering.** Verktøyet som må til for å få til ferske geodata til frukost, er eit sams geosynkroniseringsAPI. Ein felles infrastruktur for geografisk informasjon krev eit slikt verktøy, og forskrifta bør difor omtale ein slik viktig komponent.

7. **Strukturskisse.** Betre enn ord, er nokre gonger ei skisse over kva ein vil sei. Vedlagt er ei skisse, over korleis vi meiner at GIS kvardagen til kommunane og SK kan sjå ut i framtida. Vi vil være ein del av fellesskapet, og nytte dei godeane, samstundes som vi vil behalde kontroll over eigne fagspesifikke data, og tilby nedlasting av desse mot betaling.



Ein ynskjer lukke til vidare med arbeidet omkring forskrifta.

Med venleg helsing

---

(sign.) Tor Hegle  
for Nordhordland digitalt

---

(sign.) Christian Fotland  
for Nordhordland digitalt

---

(sign.) Harald J. Stanghelle  
for Nordhordland digitalt